

Bergen Og Hordaland Turlag
Tverrg 4-6
5017 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5182 - 22/54337

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
01.07.2022

Løyve til helikopter transport til Kalvedalen turlagshytte, Bergen og Hordaland Turlag

Administrativt vedtak: Saknr: 755/22

VEDTAK:

Med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §6 gjev Alver kommune med dette Bergen og Hordaland Turlag løyve til landing og start med helikopter ved turlagshytta Kalvedalen i Alver kommune i samband med naudsynt levering av proviant og anna utstyr.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet skal bringast med under oppdraget og kunne visast fram ved kontroll.
- Det skal førast logg for løfta. Loggen skal innehalde dato for flyging, tal turar og tid på døgnet.
- Inntil 10 hiv pr år.
- Tiltaket må utførast på ein aktsam og omsynsfull måte i høve til naturmiljø, beitedyr og menneske.
- Landing/ start skal gjennomførast på nemnda datoar:

År	Alt. 1	Alt. 2	Reserve
2022	11.-12. juni	-	18.-19. juni
2023	3.-4. juni	10.-11. juni	17.-18. juni
2024	1.-2. juni	8.-9. juni	15.-16. juni

Grunngjeving for løyve går fram av saksutgreiing og vurdering.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Saka gjeld:

Bergen og Hordaland turlag søker i brev dagsett 09.06.2022 om løyve til helikoptertransport. Det er søkt om helikoptertransport av årleg forsyning av proviant, ved, gass og anna naudsynt utstyr til turlagshytta Kalvedalen i Alver kommune. Der returnerast samtidig med avfall og tomgods.

Utflyging vert planlagt frå Kvingedal i Masfjorden kommune. Transporten er enten første eller andre helga i juni, typisk med planlagt transport laurdag og med søndag som reservedag i tilfelle av dårlig ver. Dersom det er dårlig ver heile helgen, vert transporten flytta ei veke. Det er planlagt flyging i helga da det elles er vanskeleg å få nok frivillige.

Av miljø- og kostnadsomsyn minimerast talet på hiv. Bergen og Hordaland turlag opnar op for at andre grunneigarar og hyttenaboar i områda kan hengje seg på med transport av varer til sine hytter.

Bergen og Hordaland turlag har telefonisk opplyst om et maks på 10 hiv pr år. Det vert planlagt å bruke Airlift til oppdraget.

Det er i praksis ikkje mogeleg å frakte inn desse varene utan bruk av helikopter.

Bergen og Hordaland Turlag søker om eit løyve i perioden 2022-2024 for å redusere administrasjon for begge parter.

Aktuelle datoar for flyging:

År	Alt. 1	Alt. 2	Reserve
2022	11.-12. juni	-	18.-19. juni
2023	3.-4. juni	10.-11. juni	17.-18. juni
2024	1.-2. juni	8.-9. juni	15.-16. juni

VURDERING:

Motorferdsel i utmark er regulert av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Lova har som føremål å regulere motorferdsel ut frå ei samfunnsmessig heilheit med sikte på verne om naturmiljøet og fremje trivselen, jf. § 1. Etter lovas § 2 er helikopter omfatta av lova. § 2 i lova gjeld kva som kan definerast som utmark, ein skal nytta same definisjon som i friluftslova § 1 første ledd. Med utmark er meint udyrka mark som ikkje vert rekna som innmark. Arealet i denne saka er utmarksareal. Etter § 3 er motorferdsel i utmark og vassdrag ikkje tillate med mindre anna føl av lova eller vedtak med heimel i lova.

Ei landing med helikopter blir ikkje omfatta §§ 4 og 4a som definerer lovleg motorferdsel i utmark, og er difor søknadspliktig. Landing er og henting og bringing av passasjerar og gods, sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer. Det opnast for løyver etter søknad i lovas § 6. Paragrafen opnar for at når særlege grunnar føreligg kan kommunen gi løyve til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikkje kan finna stad med heimel i lov eller forskrift. Høve til å gi dispensasjon må praktiserast i lys av lova sitt føremål om å redusere motorferdsela til eit minimum.

Administrasjonen meiner at det i denne saka vil vere snakk om ein særleg grunn som opnar for bruk av lovas § 6.

Administrasjonen viser til Rundskriv T-1/96 Om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82, kapittel 8.5 tillatelse til bruk av motorfartøy og luftfartøy. Der står det: «Ved vurdering av om "særlege grunner" foreligger, vil det være av betydning om motorferdselen er nødvendig og har et nytteformål.»

Dersom krav til særlege grunnar er oppfylt, må det gjerast ei samla vurdering av saka mot lova sitt føremål, jf. rundskriv T-1/96. Administrasjonen meiner det ligg føre særlege grunnar i saka fordi det er eit nyttig føremål og er naudsynt.

Søknaden skal vurderast etter Naturmangfaldslova NML §§ 8-12 jf. § 7 i naturmangfaldlova. Kommunen har gjort søk i Artsdatabanken og naturbase, og det er ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av tiltaket. Kommunen meiner at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg og at tiltaket ikkje kjem i konflikt med dei omsyna som naturmangfaldslova §§ 8-12 skal ta vare på. Administrasjonen kan ikkje sjå at transporten kjem i konflikt med naturverdiar i området. Sjølve gjennomføringa vil medføre noko støy, men administrasjonen viser til at det vil vere i ein svært avgrensa periode og difor medføra unødig uroing.

Dette løyve gjeldt dispensasjon frå motorferdselslova. I tillegg må søker ha løyve frå grunneigar og Masfjorden kommune.

Transport i 2022 har vert utført.

Regelverk

LOV 1977-06-10-82 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfald.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/54337

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bergen Og Hordaland Turlag

Tverrg 4-6

5017 BERGEN